Referat frå årsmøte (skriftleg/ e-post) i Stryn Idrettsråd (SIR)

Tid: mai 2020
Stad: På nett (hjå kvart enkelt medlemslag)

Årsmøtet var formelt innkalla til å finne stad 26. mars, men p.g.a. korona-situasjonen let ikkje dette seg gjere å ha då. Styret i SIR v/ leiar sende ut e-post (10.05.), med alle saksdokument til årsmøtet, til alle medlemslaga med førespurnad om det var greitt å gjennomføre årsmøtet skriftleg via e-post. Det blei forklart at viss her ikkje kom tilbakemeldingar skulle dette tolkast som godkjenning av årsmøtet. Likedan at viss nokon hadde innvendingar, så skulle SIR-styret finne ny dato (etter 15. juni) for gjennomføring av tradisjonelt årsmøte. Her kom **ingen** innvendingar, så då tolka leiar SIR dette som godkjent.

På styremøte i SIR, nr. 1 – 2020, sak 1/20, vart godkjenninga av årsmøtet vedtatt.

SAKLISTE:

1.) Godkjenne dei frammøtte representantane (mottakarar av årsmøtedokumenta)
   - Godkjend

2.) Velje dirigent (ordstyrar) – Forslag: leiar SIR
   - Godkjend

3.) Velje protokollførar (sekretær) – Forslag: leiar SIR
   - Godkjend

4.) Velje to repr. til å underskrive protokollen - Forslag: Ingar Hjelle, Leif A. Egset
   - Godkjend

5.) Godkjenne innkallinga (sendt ut første gong 23.02. m.t.p. ordinært årsmøte). For skriftleg årsmøte utsendt 10. mai
   - Godkjend

6.) Godkjenne saklista
   - Godkjend

7.) Godkjenne forretningsordenen. Tilbakemeldingsfrist innvendingar: 15. mai. INGEN
   - Godkjend

8.) Repr. frå idrettskrinsen, styremedl. Oddny Grete Njøten, orienterar - GJEKK UT

9.) Handsame og godkjenne årsmelding 2019

   - Godkjend

10.) Handsame og godkjenne revidert (kontrollutv.) rekneskap 2019
   - Godkjend

11.) Handsame framlegg til arbeidsprogram (jfr. årsmelding pkt. 6 og 9), herunder reiegjere for/ drøfte utbyggingsplanar/ aktivitetsutvikling.

- Godkjend

12.) Handsame innkomne framlegg/ sak(er) (diskutere/ informere).

a) Info/ orientere om «ny» kommunedelplan for kultur og idrett, herunder Handlingsprogram – GJEKK UT

b) Vedta ny lov for idrettsrådet (jfr. spesielt §4 (1), §14 (1), §15 (2), §17) (vedlagt)

- Godkjend. Leiar sender lova over til idrettskretsen for godkjenning.

13.) Vedta budsjett 2020

- Godkjend

14.) Velje:

a) Leiar: Gunnar Harstad, Oppstryn IL (ikkje på val/ på val 21)
b) Nestleiar: Terje Raftevold, Vikane IL (----------«----------)
c) 4 styremedlemmer og éin varamedlem (møter fast)
Medl.: Eivind Tonning, Stryn pistolkl. (attvald for 2 år/ på val 22)
« : Jan Endre Nesdal, Stryn T&IL (ikkje på val/ på val 21)
« : Martine Bruland, Loen IL (attvald for 2 år/ på val 22)
« : Per Øen, Markane IL (attvald for 2 år/ på val 22)
Varamedl. 1: Klemet Bø,, Markane IL (ikkje på val/ på val 21)
-----«-----. 2: Ole Anton Brekke, Stryn motorsp.kl. (attvald for 2 år/ på val 22)

Leiar og nestleiar veljast enkeltvis. Dei andre styremedlemmane veljast samla. Deretter veljast varamedl. – og resten av dei som skal veljast. Alle valde utan motkandidatar.

d) Kontrollutval med to medlemmar og éin varamedl.
Anita Elin Myklebust, Oppstryn IL (attvald for 2 år/ på val 22)
Per Vidar Roset, IL Veten (ikke på val/ på val 21)
Varamedl.: Dorthea Sølvberg Sætre, Stryn T&IL (ny/ på val 22)
e) Representantar til møte der SIR er tilslutta gjev årsmøtet styret fullmakt til å nemne opp.
Repr. til ting Vestland idrettskrets (digitalt): Gunnar Harstad og Martine Bruland

f) Valkomite med leiar, 2 medlemmar og éin varamedlem
Leiar: Leiv Arne Egset, Olden IL (1 år igjen/ går ut 21)
Medl.: Bente Bjerkenås, Stryn T&IL (2 år att/ går ut 22)
” : Jan Ove Hopland, Hardbagg IL (ny/ går ut 23)

Varamedl.: (manglar pr.d.d. – det jobbast med saka). Har nokon forslag, gje melding til leiar.

Årsmøtet skjer etter §17 i SIR si lov.

Gunnar Harstad
-protokollførar-

_____ _____

Ingar Hjelle Leiv Arne Egset